

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 1 2021-2022 Årgang 48

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

NYTT SKULEÅR

Velkommen tilbake til skulen både elevar og føresette. Me er alt godt i gong med nytt skuleår og det var flott å kunne starte opp på grønt nivå. Det er godt stemming og kjekke dagar. Me vil ønske ekstra velkommen til dei trivelege 1. klassingane Lucas, Andreas, Sivert og Yngvild.

TURDAG TYSDAG 31.08.21

Der blir turdag tysdag 31.08. Elevane møter på skulen til vanleg tid.

Turane i haust er slik:

1.-4. klasse skal gå Eikås-Vikestølen –Skulen
5.-7. klasse skal gå Eikås - Bakkafossen –
Årvik

Turen som 5.-7. klasse skal gå er Arquebusturen frå Eikås på Bjoa til Bakkafossen eller Årvik, alt etter kor lang tid me brukar. På turen vil me fortelje om Arquebus og motstandsarbeidet under krigen 1940 – 1945. Me går mellom anna innom minnesmerket på Eikås og Arquebushytta.

På turen må alle ha med seg mat og drikke. Ein sjokolade er også godt på tur, men me tek ikkje med oss chips, smågodt og liknande. Hugs å ha godt fottøy og kle deg etter været. Grunna skyssen kan nokre av elevane kome heim litt før eller litt etter vanleg tid. (ca. 15 min. før eller etter)



NY MERKANTIL PÅ SKULEN

Anni Hetland slutta 01.08.21 av som merkantil tilsett på Vik skule. Anni starta på kontoret på Vik skule hausten 2009. Ho har ordna opp og serva alle tilsette, føresette og elevar på ein kjempeflott måte.

Me vil takke Anni så mykje for tida ho har jobba hos oss og ønskjer henne lukke til som pensjonist.

Samtidig vil me ønskja Berit Skartland velkommen som merkantil tilsett på skulen. Ho har nå 20% stilling på kontoret og 60% stilling på skulen og SFO.

TREFFTID FOR HELSESJUKEPLEIAR

Malene R. Vestbø er helsesjukepleiar på Vik skule. Det blir trefftid/ samtale tid **måndagar i partalsveker kl. 08.15 - 14.00.** Både elevar og føresette kan nytte denne tida. Elevane kan komme innom om dei har spørsmål om noko t.d. trivsel heime eller på skulen, mat, drikke, fysisk aktivitet, venner, pubertet, vekst, mennessmerter, mobbing, søvn, uro for noko/nokon, sjukdom, masse tankar, osv. Helsesjukepleiar har taushetsplikt, men må ta kontakt med andre om det er fare for liv og helse. Elevane treng ikkje å ha avtalt tid for time, men det er greitt om føresette avtalar tid på førehand.



Tlf. til Malene: **907 22 059**

Mail: malene.risoy.vestbo@vindafjord.kommune.no


MJØLK OG FRUKT

Mjølke og frukt kan bestillast på www.skolelyst.no

SKYSS ETTER SKULETID

Det har blitt litt endring på skyssen og me har nå fått skyss både sørover og nordover rett etter skuletid på tysdagar og torsdagar.

Dagar	Nord:	Sør
Måndag	13.05	13.30
Tysdag og torsdag	13.50	13.50
Onsdag	12.40	13.05
Fredag	13.50	12.10



Min skole - foresatt, Visma Flyt Skole og samtykke

- Me minner om at digital meldingsbok nå erstattar papirmeldebok, SMS og annan skriftleg kommunikasjon mellom skule og heim. For å bruke denne lastar ein ned appen som heiter «Min Skole – foresatt» i App Store eller i Google play. Dei fleste brukar denne nå, men me håpar alle det er mogleg for kan bruke denne vidare. Ein kan og logge seg inn på «Min skole» på nettlesaren Visma Flyt Skole, <https://skole.visma.com/vindafjord> og skrive meldingar her. Dette er same plassen som ein les halvårsvurderingar og føl med på fråværet til elevane.
- Me ønskjer også at alle fyller ut **samtykkeskjema** som ligg på Visma Flyt Skole. Ein må fylle ut eit skjema for kvart barn.
- Det er nå slik at føresette skal sende melding om fråvær på 1. fråværsdag. Ein skal då melde frå om årsak til fråværet.
- Når ein skal søke om fri inntil 2 dagar gjer ein dette til kontaktlærer i «Min skole». Kontaktlærer gir då svar. Ved søknad om fri for meir enn to dagar skal ein gjere dette på heimesida til kommunen, www.vindafjord.kommune.no - Barn og skule > Grunnskule > Søka fri og permisjon.

SFO

I år er det 7 barn som har fast plass på SFO. SFO er open frå skulen sluttar til kl. 16.30 alle dagar og har morgontilbod i barnehagen frå kl. 06.45 til skulestart. SFO følgjer skuleruta og er stengt på planleggingsdagar. Som oftast kan me ta imot barn som ynskjer ekstra opphald. Prisen er kr. 44,- pr. time + kr.16,- i matpengar. Ta kontakt med Berit på tlf. 53655735/ 90515628 for avtale.

KLASSEKONTAKTAR OG FAU

Alle føresette er med i foreldrerådet og klassekontaktane er med i FAU (foreldrerådet sitt arbeidsutval). FAU hadde møte 24.08.21 og det var då val til ulike verv. Dette er FAU for skuleåret 2021- 2022:

Namn:	Klasse:	Funksjon / representant i
Håvard Tveit	1.kl.	Medl. i SU
Even Jacobsen	2.kl.	Medl. i skulemiljøutvalet
Mona Aksdal	3.kl.	Skrivar
Roger Bauge	4.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Cathrine H. Tindeland	5.kl.	
Knut Øvstedal	6.kl.	Medl. i SU og kommunalt kontaktutval
Tonje S. Alne	7.kl.	Leiar i FAU

Kalender for hausthalvåret 2021



31.08	Turdag for alle elevane
06.09	Nasjonale prøvar for 5. klasse i veke 36 - 39
13.09 - 17.09	Utviklingssamtalar for alle elevane.
20.09	Elevfri Planleggingsdag for tilsette.
21.09	Møte i SU Kl. 18.00
24.09	Vaksinering for 6. og 7. klasse DKS 5.-7. klasse. Spør ein forfattar kl. 11.30 -12.15
06.10	Fellessamling kl. 10.15. Ansvar 7. klasse.
07.10	Foreldremøte for alle klassane
05.10- 09.10	Haustferie
10.11	Fellessamling. Ansvar 3. – 4. klasse.
12.11	Elevfri Planleggingsdag for tilsette.
19.11	BlimE-dagen. Me har fellesdans.
24.11	DKS 1.-4. klasse kl. 09.00-10.45 Visuell kunst - Chromophilla
26.11	Me tenner julegrana kl. 09.00
09.12	Juleverkstad og julegraut
20.12	Julefest på bygdahuset kl. 18.00 – 20.30.
21.12	Siste skuledag før juleferien. Julegudsteneste kl. 09.30
22.12- 31.12	Juleferie
03.01	Første skuledag etter juleferien

Tlf. og e-post Vik skule og barnehage

Anne Marte (rektor)	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærer)	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35/ 90515628	Barnehage	53 65 57 39 / 91579322
Berit (merkantil)	53 65 57 32		

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no
berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no